



## Notat

Dato: 07.08.2019  
Arkivsak: 2017/14135-36  
Saksbehandlar: heilars

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Status for tiltak knytt til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»

### Bakgrunn

I juni 2018 handsama fylkestinget «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022*» (PS 50/2018). Fylkestinget vedtok temaplanen og bad fylkesrådmannen legge fram konkrete tiltak for å oppnå innsatsområda i temaplanen. Forslag til tiltak for å oppnå innsatsområda i temaplanen, vart fremma for fylkesutvalet i oktober 2018 (PS 256/2018). Fylkesutvalet vedtok dei tilrådde tiltaka og la til vedtakspunktet «Tillegg under «Innsatsområdet» i handlingsplanen: Styrke arbeidet mot sosial dumping i landbruket.».

### Om utarbeiding av tiltaka

«*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022*» skal bidra til å sikre og vidareutvikle landbruket i Hordaland. For å gjere dette er det sett tre hovudmål: styrke lønnsemda i Hordalandslandbruket, auke produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. Temaplanen er delt inn i fire tema som bygger opp rundt hovudmålet til temaplanen. Tema er: areal- og ressursgrunnlag, auka lønnsemd i noverande produksjonar, kompetanse of rekruttering og drivrarar for endring. Det er knytt innsatsområde til alle fire tema.

Nokre av innsatsområda har vore særskilt prioritert av Hordaland fylkeskommune og partnarskapen gjennom konkrete tiltak i perioden 2018-2019. Tiltaka er delvis basert på innspel frå høyringa og er utarbeidd i samarbeid med partnarskapen. Partnarskapen referer til Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og småbrukarlag, Fylkesmannen sin landbruksavdeling, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune. Tiltaksplanen har 65 tiltak. Det er satt i gong arbeid eller prosjekt i tilknyting til 50 av tiltaka. Det er 7 tiltak er fullført i 2018 eller våren 2019. Arbeidet med dei resterande 8 tiltak blir starta hausten 2019. Hordaland fylkeskommune er eigar av «*Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022*», og har hovudansvaret for at det vert sett i gang arbeid knytt til innsatsområda, men som det kjem fram av tabellen under er det òg andre som er ansvarlege for tiltak.

### Landbrukskonferansen Klimaklokt Vestlandlandbruk

Eit forslag til tiltak som kom inn under høyringa var: «*Eit tiltak for å nå måla i planen kan vere eit årleg samrådingsmøte mellom aktørane som Hordaland Fylkeskommunen arrangerer. Der faglag, FMLA, kommunane, samvirkeorganisasjonane kjem med nytt om kva som rører seg innan deira organisasjon og kva dei gjer / kva som skulle vore gjort for å nå måla.*» Samrådingsmøte er overordna for temaplan, og er difor ikkje hekta til eit spesielt innsatsområde. Forslag om samrådingsmøte blir følgt opp av Hordaland fylkeskommune gjennom landbrukskonferansen Klimaklokt Vestlandlandbruk. I samarbeid med Fylkesmannen i Vestland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, ynskjer Hordaland fylkeskommune velkommen til landbrukskonferanse den 3. og 4. september i Sogndal. Korleis kan landbruket medverke i

klimadugnaden og korleis kan bonden handtere klimaendringar? Dette er hovudtema for Vestland sin første landbrukskonferanse.

**Grønt** = ferdig, **Gult** = pågåande, **Blått** = ikkje starta

Tiltak	Kva	2018	2019	Ansvarleg	Status			
<b>Innsatsområder knytt til 1. Areal og ressursgrunnlag</b>								
<b>1.1. Utarbeide og legge fram ei politisk sak som vurderer kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonale jordvernål blir realisert</b>								
Tiltak 1.1.1	Vurdere kva tiltak ein må gjennomføre for å redusere nedbygging av jordbruksareal Hordaland, og bidra til å realisere nasjonale jordvernål		X	HFK	Sak om samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland er fremma som politisk sak.			
Tiltak 1.1.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Fylkesmannen i Vestland har oppretta ein fagdirektørstilling på plan med spesielt ansvar for jordbruksareal.			
<b>1.2 Styrke kommunane sin motivasjon for, og kompetanse om, framsynt arealplanlegging.</b>								
Tiltak 1.2.1	Plannettverksmøte om jordvern		X	HFK	Jordvern er planlagt som tema i ein av parallellsesjonane på plankonferansen i oktober 2019.			
Tiltak 1.2.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Det blir jobba med å få massehandtering og jordvern for planleggarar i kommunane inn som tema på eit av frukostmøta i Bærekraftig by serien.			
<b>1.3 Sikre gode planar for massehandtering, basert på god agronomi, i alle kommunar.</b>								
Tiltak 1.3.1	Sikre at alle kommunar og andre relevante aktørar i fylket har tilgang til handbøkene 'Jordmassar frå problem til ressurs- rettleiar for offentleg forvaltning' og 'Handbok for handsaming av overskuddsmasser'		X	HFK	Handbøkene er sendt til alle kommunar i Hordaland.			
Tiltak 1.3.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Norsk Landbruksrådgjeving har fått stønad for å lage kursprogram og kursmateriell for kurs med tema: Overskotsmassar – frå problem til produktiv, fulldyrka matjord.			
<b>1.4 Oppmuntre politikarar på kommunalt- og regionalt nivå til å gjennomføre jordvernkurs i regi av Fylkesmannen.</b>								
Tiltak 1.4.1	Sikre at politikarar på kommunalt – og regionalt nivå er godt informert om dei kurs og samlingar knytt til jordvern som vert gjennomført i regi av Fylkesmannen		X	HFK, Partnarskapen	Blir gjennomført etter valet 2019 i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland.			

Tiltak 1.4.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>1.5 Utvikle kommunane si rolle som rettleiar for utvikling av formelt gode og langsiktige leigeavtalar.</b>					
Tiltak 1.5.1	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

Tiltak	Kva	2 0	2 0	Ansvarleg	Status
		1 8	1 9		

#### Innsatsområder knytt til 2. Auka lønsemid i noverande produksjonar

##### 2.1 Følgje opp Regional matstrategi og tiltak forankra i UNESCO Creative City of Gastronomy med særleg fokus på auka lokal matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.

Tiltak 2.1.1	Bidra til eit prosjekt som fokuserer på matidentitet for Hordaland og Vestland		X	HKF, Matarena AS og Partnarskapen	Matarena AS har fått stønad til ein møteserie som skal samle mataktørar frå Vestland og skape ein felles forståing av matidentiteten i Vestland.
Tiltak 2.1.2	Bidra inn i arbeidet som vert gjort lokalt i tilknyting til UNESCO Creative City of Gastronomy, samt sikre god kopling til Man and Biosphere satsinga	X	X	HKF, Bergen kommune og Partnarskapen	I tilknyting til arbeidet med UNESCO Creative City of Gastronomy har Bergen kommune oppretta ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Hfk bidreg kontinuerleg i begge. I juni 2019 blei Nordhordland godkjent som det første biosfæreområdet i Noreg.
Tiltak 2.1.3	Legge til rette for ein møteplass (3-4 gongar i året) for dei regionale matsatsingane (Bjørnefjorden, Hardanger, Nordhordland, Sunnhordland)		X	HKF, Matarena AS og Partnarskapen	Det har vore eit møte for dei regionale matnettverka våren 2019.
Tiltak 2.1.4	Bidra til gjennomføring av World Cheese Awards 2018	X		Partnarskapen , Matarena AS, Bergen kommune	I november 2018 vart World Cheese Awards arrangert i Grieghallen. Fanaost frå Ostegården i Fana blei verdsmeister.
Tiltak 2.1.5	Sikre at fagskulestudiet 'Lokal Matkultur' i Ulvik er godt kopla på anna matarbeid i fylket	X	X	Partnarskapen	Fagskulestudiet har fått prosjektmidlar i oppstartsfasen. Studentane hadde tilbod om å vere tilstade under Oste-VM
Tiltak 2.1.6	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

##### 2.2 Bidra til auka bruk av lokalproduserte matprodukt i offentlege samanhengar, konferansar, kantinemat og mat til institusjonar

Tiltak 2.2.1	Jobbe for å få auka bruk av lokalmat inn som ein del av miljøstyringa til Hordaland fylkeskommune	X	X	HKF	Fylkesordføraren sitt nyttårsmøte på Radisson Blu Bryggen løfta fram lokalmat og lokalmatprodusentar. Matareana AS bidrog til dialogen mellom kjøkkensjefen og lokalmatprodusentane. Kjøkkensjefen inkluderte lokalmat i menyen basert på budsjettet. I ettertid er det innleia
-----------------	---	---	---	-----	---

					samarbeid med mellom anna Tekslo Seafood for å utvikle eit eige krydder for Radisson Blu-kjeden. Kjøkkensjefen er blitt bedt om å dele sine erfaringar med andre hotell i gruppa. Lokalmatprodusentane har meldt tilbake at dei satt stor pris på å få bidra på et slikt arrangement. I prosjektet «Berekraftig skulemåltid» jobbar ein for eit sunt og berekraftig mattilbod i vidaregåandeskule med mellom anna meir lokal- og økologisk mat.
Tiltak 2.2.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>2.3 Stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda for frukt og bær og for landbruksprodukt generelt, og auke i berekraftig produksjon av mjølk og kjøt.</b>					
Tiltak 2.3.1	Bidra til eit prosjekt for å mobilisere til auka dyrking av grønsaker i Hordaland		X	Partnarskapen	Det er gitt stønad til to prosjekt, 'Vestlandsbondens grønnsakskurv 2020' og 'Grønn sesongkalender og tiltak for økt markedstilgang for lokalmatprodusenter i HoReCa-markedet'
Tiltak 2.3.2	Bidra til prosjekt for å sikre nyplanting og fornying av frukttrær		X	Partnarskapen	Hfk og Innovasjon Norge støttar prosjektet 'Meir Hardanger Moreller' som bidreg til nyplanting av morelltre i Hardanger.
Tiltak 2.3.3	Bidra til Storfeprosjekt for Vestland	X	X	Partnarskapen	Storfeprosjektet Vestland 2019-2023 er skipa.
Tiltak 2.3.4	Bidra til prosjekt for auka grovfôrvirlingar og betre fôrkvalitet		X	Partnarskapen	Hfk støtta NIBIO sin søknad til NFR om prosjektet «Alternative dreneringsmåtar på oppdyrka myr for betre agronomi og redusert klimagassutslepp». I tillegg er det gitt stønad til NLR sit prosjekt «Kurs i grovfôrøkonomi».
Tiltak 2.3.5	Bidra til prosjekt som kan auke konsum av sau		X	Partnarskapen	Hausten 2019
Tiltak 2.3.6	Bidra til prosjekt som styrker sidermiljøet og aukar produksjon av sider		X	Partnarskapen	Hausten 2019 blir Norsk Siderfestival skipa. Hardangersiderprodusentlag har fått 3 millionar frå RFF Vestland til å utvikle eit større smaksmangfold av stabilt høg kvalitet. HFK støttar opp om sidermiljøet i Hardanger sitt arbeid med Arena-søknad. I desember 2018 løyva Innovasjon Norge kr 1500 000 til sidernettverk i Hardanger.
Tiltak 2.3.7	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>2.4 Bidra til å styrke Inn på Tunet-gardane i Hordaland</b>					
Tiltak 2.4.1	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

<b>2.5 Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt auka bruk av trevirke</b>					
Tiltak 2.5.1	Bidra inn i prosjektet 'Melding om Kystskskogbruket 2016-2020'. Nyte Kystskskogbruket si satsing på infrastruktur til å identifisere flaskehalsar i det offentlige vegnettet og legge til rette for infrastruktur	X	X	HFK	Hfk bidreg politisk og administrativt til Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram i Kystskskogbruket. Kystskskogbruket har medverka til den statlege satsinga på tømmerkaier. Hfk har gitt finansiell stønad til tømmerkaia i Granvin.
Tiltak 2.5.2	Følge opp prosjektet «Motiv Skog-Eigedomsoverbyggande samarbeid»	X	X	Partnarskapen	Prosjektet er godt i gang. I Fusa har 22 skogeigarar formalisert samarbeidet og danna Revnestrand Fellesforvaltning Skog SA. I eit område i Bergen og eit på Voss foregår sonderingsmøter mellom skogeigarar. Prosjektleiar jobbar med eit kursprogram for skogeigarar.
Tiltak 2.5.3	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>2.6 Bidra til å styrke kompetanse og skape auka interesse for fornying og skjøtsel av skogen</b>					
Tiltak 2.6.1	Følge opp prosjektet 'Integrert skogforvaltning og klimatiltak i risikoområdet for naturskade'	X	X	HFK, Partnarskapen	Prosjektet vart presentert på frukostmøte i Bærekraftig by serien. Fleire resultat frå prosjektet vil bli presentere på plannettverksmøte i november.
Tiltak 2.6.2	Bidra til eit prosjekt som ser på problemstillinga hjort og ung skog		X	Partnarskapen	NIBIO har prosjektet «Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog».
Tiltak 2.6.3	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>2.7 Bidra til å heve kompetansen innan trebyggjeri, og leggje til rette for meir trebasert industri i Hordaland</b>					
Tiltak 2.7.1	Følge opp prosjektet «Er det lønnsomt å bygge og drifta skoler i tre?».	X		HFK	Prosjektet er fullført.
Tiltak 2.7.2	Vurdere om resultata frå prosjektet over kan legge grunnlag for ein søknad til RFF Vest.		X	HFK, BAS, HVL	Hausten 2019
Tiltak 2.7.3	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Prosjektet «Tresatsinga i Vestland 2019 - 21» er skipa. Det er gjennomført workshop for designarar og snekkarar i regi av, «Norsk interiør- og møbeldesignernes landsforening» og Aldea på Nordnes. Resultat vil stilt ut på messer i Bergen og Oslo hausten 2019. Beit-konferansen i Myrdal i oktober er klimasmarte fjøs og trevirke i bygg vil få ein sentral plass.
<b>2.8 Leggje til rette for urbane landbruksaktivitetar som kan bidra positivt til omdømebygging for landbruksnæringa</b>					

Tiltak 2.8.1	Følge opp prosjektet 'Veksthus på tak'	X	X	Partnarskapen	NIBIO har holdt lunsjpresentasjon om prosjektet og det er god progresjon i prosjektet.
Tiltak 2.8.2	Følge Bybondeprosjekt	X	X	Partnarskapen	Har fått midlar til kompostprosjekt frå Hfk sine klimamidlar. Det er søkt om midlar til vidareføring av prosjektet Bybonden frå gjennom grøn konkurransekraft ordninga.
Tiltak 2.8.3	Planlegge og gjennomføre ei førelesningsrekke på Bergen offentlige bibliotek om mat/landbruk/matkultur	X	X	Partnarskapen , Bergen kommune	Den 18.juni, FN's internasjonale dag for bærekraftig gastronomi, vart markert på Bergen offentlege bibliotek med tre ulike arrangement. Først var det frukostmøte med presentasjon av Bybonden og dyrkingstips. Etter det lanserte Byråden for klima, kultur og næring i Bergen mat to nye dyrkingsrealterte apper. Dagen vart avslutta med panelsamtale om 'matproduksjon i ditt nabolag'. Hausten 2019 er det planlagt tre kveldsarrangement Bergen offentlege bibliotek.
Tiltak 2.8.4	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

Tiltak	Kva	2 0	2 0	Ansvarleg	Status
		1 8	1 9		

**Innsatsområder knytt til 3. Kompetanse og rekruttering****3.1 Støtte opp om eksisterande fadderordningar og vurdere om dei skal utvidast**

Tiltak 3.1.1	Følge opp prosjektet «Fadderprosjekt i landbruket»	X	X	Partnarskapen	Prosjektet er starta opp og arbeidet er i gang.
Tiltak 3.1.2	Vurdere om det skal bli etablert eit fadderprosjekt spesielt for fruktbønder		X	Partnarskapen	Hausten 2019
Tiltak 3.1.3	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

**3.2 Betre omdømet til næringa og få fram gode døme på unge bønder som lukkast**

Tiltak 3.2.1	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Utlysinga av RULL-midlar for 2019 prioriterte omdømme prosjekt.
-----------------	----------------------------------	---	---	---------------	---

**3.3 Jobbe aktivt for å synleggjere landbruket som karriereveg for ungdom og bidra til å auke rekrutteringa til utdanningsprogramma innanfor produksjonsretta naturbruk**

Tiltak 3.3.1	Fullføre Erasmus + prosjektet «Youth in action for a sustainable and creative gastronomy».	X	X	HFK	Prosjektet er hovudsakelg gjennomført som planlagt og vert avslutta 30.09.2019.
Tiltak 3.3.2	Bidra til at dei vidaregåande skulane med jordbruksutdanning har godt rekrutteringsmateriale		X	HFK	Hausten 2019.
Tiltak	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

3.3.3				
<b>3.4 For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det viktig å jobbe mot sosial dumping</b>				
Tiltak 3.4.1	Bidra til gode arbeidsvilkår i landbruket	X	Partnarskapen	Det er gitt stønad til prosjektet 'Opplæring i bruk av Bærklienten'. Prosjektet skal mellom anna føre til at bærdyrkarar alltid har kontroll på arbeidstid og lønn til bærplukkarar.
Tiltak 3.4.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>3.5 Stimulere til at flere vel landsbruksrelatert, høgare utdanning</b>				
Tiltak 3.5.1	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>3.6 Legge til rette for å rekruttere inn nye grupper til landbruket</b>				
Tiltak 3.6.1	Bidra til samarbeid mellom landbruk og FoU-miljø ved å lyse ut stipend for masteroppgåver som tek opp problemstillingar som er viktige for landbruket i fylket	X	Partnarskapen	Utlysing av masteroppgåver hausten 2019.
Tiltak 3.6.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>3.7 Bidra til at landbruket er ei attraktiv næring for begge kjønn</b>				
Tiltak 3.7.1	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>3.8 Legge til rette for livslang læring for Hordalandsbonden</b>				
Tiltak 3.8.1	Oppdatere sida landbrukskurs.no og sørge for at den fungerer fram til den eventuelt vert erstatta av ei anna side	X	HKF	Hausten 2019.
Tiltak 3.8.2	Bidra til å vidareutvikla gartnarutdanning for vaksne	X	Partnarskapen	Hfk har støttet prosjektet 'vidareutvikling av gartnarutdanning for vaksne'. Hfk har søkt og fått midlar fra LMD til drift av vaksengartnar for skuleåret 2019/20.
Tiltak 3.8.3	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.

Tiltak	Kva	2 0 1 8	2 0 1 9	Ansvarleg	Status
--------	-----	------------------	------------------	-----------	--------

**Innsatsområder knytt til 4. Drivar for endring****4.1 Støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland.**

Tiltak 4.1.1	Bidra til at det vert utvikla kunnskap om mekanisering og presisjonslandbuk i fylket	X	Partnarskapen , NLR	NLR SA har fått stønad til og starta opp prosjektet 'Presisjonslandbruk og mekanisering for endra klima'
Tiltak 4.1.2	Evaluera Grøn FoU Vest og vurdera vidareføring	X	Partnarskapen	Prosjektet Grøn FoU Vest er fullført og ferdig rapportert.

Tiltak 4.1.3	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Det vert jobba for å få på plass ein landbruksnode i SFI prosjektet 'Climate futures'.
<b>4.2 Bidra til å redusere klimagassutslepp frå landbruket i Hordaland ved å støtte opp om landbruket sitt mål om å bli fossilfri innan 2030 og leggje til rette for klimavenleg og miljøvenleg gjødselhandtering.</b>					
Tiltak 4.2.1	Bidra til prosjekt om korleis bonden best kan legge ned gjødsel		X	Partnarskapen	Hausten 2019.
Tiltak 4.2.2	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>4.3 Leggje til rette for samarbeid mellom landbruket i Hordaland og klynger og FoU miljø for å stimulere til næringsutvikling innan bioøkonomi.</b>					
Tiltak 4.3.1	Jobbe for å etablere biogassanlegg i Hordaland.		X	Partnarskapen	To biogass prosjekter har søkt midlar gjennom grøn konkurransekraft ordninga. NLR Vest SA er i gong med eit prosjekt å kartlegge bønder som ynskjer å teikne avtale om levering av husdyrgjødsel og mottak av biorest på Voss. Prosjektet er støtta av Hfk.
Tiltak 4.3.2	Bidra til bioøkonomi prosjekt som undersøker moglegheitene knytt til slam frå settefisk anlegg og avfall frå landbruket.		X	Partnarskapen	Det er søkt om stønad til prosjektet 'Grønn konkurransekraft i Alver og Nordhordlandsregionen' gjennom grøn konkurransekraft ordninga. Prosjektet skal jobbe langsiktig for danne ei sirkulærøkonomiklynge i Nordhordland. Prosjektet inkluderer avfall frå akvakultur og landbruk.
Tiltak 4.3.3	Bidra inn i søknad til NFR, «Biospectering and Biofuels» i regi av Kjemisk institutt ved UiB		X	Partnarskapen , UiB	Avklare hausten 2019.
Tiltak 4.3.4	Oppmuntre til forskings- og utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.
<b>4.4 Stimulere til internasjonalt, næringsretta samarbeid og erfaringsutveksling, mellom anna gjennom ERASMUS+.</b>					
Tiltak 4.4.1	Bidra til at landbruksaktørar frå fylket får reise på relevant utveksling gjennom ERASMUS +.	X	X	HFK	Kontinuerleg arbeid.
Tiltak 4.4.2	Oppmuntre til utviklingsprosjekt	X	X	Partnarskapen	Kontinuerleg arbeid.